



RETTLEIING TIL

# VALFAGET TRAFIKK



2019



TRYGG TRAFIKK

# INNHALD

<b>Kva er trafikk?</b>	<b>3</b>	<b>Oppgåve 2</b>		<b>Praktisk vurdering av oppgåve 3</b>	<b>23</b>
▶ Definisjon på kompetanse i læreplanen	3	Det rette valet	<b>11</b>	<b>Vurderingsskjema til oppgåve 3</b>	<b>24</b>
▶ Definisjon på kompetanse i trafikk	3	<b>Vurderingsskjema til oppgåve 2</b>	<b>14</b>	<b>Oppgåve 4</b>	<b>26</b>
<b>Korleis jobbe tverrfagleg med valfaget trafikk?</b>	<b>4</b>	<b>Oppgåve 3</b>	<b>17</b>	Etiske dilemma og val	
<b>Tverrfagleg oppgåve</b>		Risiko og tryggleik		<b>Oppgåve 5</b>	<b>29</b>
Ungdom og livsmeistring	<b>5</b>	▶ <b>A:</b> Fart, reaksjonsevne, bremselengd og stopplengd	18	Læringsstrategiar	
<b>Oppgåve 1</b>		▶ <b>B:</b> Rørsleenergi	19	<b>Vurderingskrysset</b>	<b>33</b>
Bruk 2 sekund meir!	<b>6</b>	▶ <b>C:</b> Vêr- og føreforhold	19		
<b>Vurderingsskjema til oppgåve 1</b>	<b>8</b>	▶ <b>D:</b> Demonstrasjon i mørket	20		
		▶ <b>E:</b> Sykkelopplæring for barnetrinnet	21		
		▶ <b>F:</b> Tryggleik og risiko – trafikk og naturfag	22		

## KVA ER TRAFIKK?

Trafikk er all ferdsel og alt opphald på vegar eller på stader der det er alminneleg tilgang, og der målet er å flytte seg frå eitt punkt til eit anna. Med veg meiner vi gate, plass, parkeringsplass eller andre stader der mange oppheld seg eller flyttar på seg.

I trafikkopplæringa definerer vi trafikk som gåande, syklende og motorkøretøy.

I trafikken er det nødvendig å lære seg og forstå samhandlingsprinsippet. Det inneber at trafikantane må kunne kommunisere med kvarandre, ta ansvar, vise omsyn og ikkje utsetje seg sjølve eller andre for unødvendig risiko eller fare.

### Definisjon på kompetanse i læreplanen:

*Kompetanse er å tileigne seg og gjere bruk av kunnskap og ferdigheiter til å meistre utfordringar og løyse oppgåver i kjende og ukjende samanhengar og situasjonar. Kompetanse inneber forståing og evne til refleksjon og kritisk tenking.*

### Definisjon på kompetanse i trafikk:

*Det overordna målet for opplæringa i trafikk:  
«Menneskeverdet er ukrenkjeleg. Elevane må ha trafikkfaglege kunnskapar, ferdigheiter, haldningar og vanar som inneber at dei ikkje utset seg sjølve eller andre for fare. Det inneber at ein som trafikant alltid skal ta etiske og sosiale omsyn og vurderingar, vere varsam og følgje lovene og reglane som gjeld i trafikken.»*





## KORLEIS JOBBE TVERRFAGLEG MED VALFAGET TRAFIKK?

Trafikkopplæring dreier seg om å lære ei rekkje ferdigheiter og perspektiv frå ulike fag. Så langt det er mogleg, bør ein arbeide med desse i samanheng for å skape ein heilskap i undervisninga. På denne måten kan ein betre leggje til rette for forståing, progresjon og djupnelæring hos elevane.

Å jobbe med trafikkopplæring gjennom tverrfaglege tema er derfor ein fin måte å jobbe med ulike kompetansemål, ferdigheiter og faglege samanhengar på i læreplanen. I større tverrfaglege prosjekt får ein gjerne meir tid til å jobbe både teoretisk og praktisk over lengre tid, noko som gir elevane høve til å prøve ut, erfare og reflektere over det dei lærer. Dei tre tverrfaglege temaa *demokrati og medborgarskap*, *berekraftig utvikling* og *folkehelse og livsmeistring* skal vere gjennomgåande tema gjennom heile grunnopplæringa. Det er viktig at ein òg relaterer opplæringa til viktige perspektiv innanfor desse temaa der det er relevant.



**Tverrfagleg oppgåve:****UNGDOM OG LIVSMEISTRING**

Trafikk og KRLE



► **Kva:** «UNGDOM OG LIVSMEISTRING» – eit tverrfagleg arbeid. PRODUKT: eit drama eller eit scenario med eit ungdomspanel, eit publikum og eit ordstyrarpar

► **Kvifor:** Medvit rundt trafikk og rus

► **Korleis:** Ulike kompetansemål frå utvalde fag er utgangspunkt for undervisninga. Elevgruppene jobbar med problemstillingar på tvers av fag. Fleire lærarar er fornuftig der fleire fag inngår, og det er viktig å leggje timeplanen til rette på trinnet eller for klassen der det er nødvendig i opplæringsperioden.

**Døme på tverrfaglege problemstillingar:**

- 1 Kva for etiske, sosiale og økonomiske konsekvensar kan ungdom som rusar seg og samtidig ferdast i trafikken, stå overfor?
- 2 Diskuter om det er samanheng, og eventuelt kva for samanhengar, mellom ungdomstid, identitet, rus og psykisk helse.
- 3 Argumenter for og imot promillegrensa i Noreg og samanlikn med utvalde andre land.

Planen på dei neste sidene er eit døme på eit valt tverrfagleg tema, med utvalde fag og kompetansemål som ein arbeider med i samanheng. Det er utarbeidd forslag til kjenneteikn som elevane kan styre etter når dei jobbar med temaet. Forslag til høg måloppnåing er det elevane arbeider mot å oppnå.

Gruppearbeid er eit førande prinsipp i tverrfagleg arbeid. I tillegg er det forslag til ulike metodar som kan vere eigna undervegs i arbeidet med temaet, anten som små, korte læringsaktivitetar eller lengre metodiske opplegg. Formålet med skjemaet er at elevane er med på å utvikle det og bruker det undervegs i opplæringsperioden. Læraren og eleven kan derfor markere dei ulike kjenneteikna og måloppnåinga undervegs i rettleiingsarbeidet og slik markere kva eleven meistrar, og kva han eller ho må jobbe meir med.



*Grunnlaget for haldningar til tryggleik blir danna tidleg, og opplæring er eit viktig verkemiddel for å redusere ulykkesrisikoen.*



## Oppgave 1: BRUK 2 SEKUND MEIR!



«Bruk 2 sekund meir» tek sikte på å hindre ulykker ved å oppmuntre både sykklistar og bilistar til å orientere seg betre før dei køyrer gjennom eit kryss.

Mange sykkelulykker skjer om morgonen når elevar syklar til skulen, og om ettermiddagen når dei syklar heim. Dei fleste sykkelulykker skjer om morgonen, når dei vaksne er i bilen på veg til arbeid, eller om ettermiddagen når dei er på veg heim frå arbeid.

Statistikken viser når på dagen det skjer flest ulykker.



**Tabell 2**  
Dei mest vanlege ulykkene som skjer i kryss

Dersom vi bruker litt meir tid på å vere merksame i vegkryss, kan vi unngå mange ulykker. 2 av 3 alvorlege sykkelulykker skjer i kryss. Ulykker skjer vanlegvis når ein bil skal svinge og sjåføren overser ein sykklist som skal rett fram.

Ta deg tid til å orientere deg i kryss for å unngå ulykker.

**RÅD!**

### FOR SYKKLISTAR

- ▶ Bruk 2 sekund meir på å skaffe deg oversikt ved vegkryss.
- ▶ Ver merksam på at du kan komme i blindsona til sjåføren.
- ▶ Sørg for at du verkeleg blir sett av andre trafikantar.

### FOR SJÅFØRAR

- ▶ Bruk 2 sekund meir på å skaffe deg oversikt ved vegkryss.
- ▶ Ver merksam på sykklistar når du skal svinge til høgre eller venstre.
- ▶ Sakk ned på farten.
- ▶ Sjekk alltid speglane og blindsona.

## Oppgave 1 forts.:

**BRUK 2 SEKUND MEIR!**

Spørsmål til diskusjon

**- 1 -**

Når på dagen skjer det flest sykkelulykker?

**- 2 -**

Når er det størst fare for å hamne i ei sykkelulykke?

**- 3 -**

Diskuter resultatene les ut av tabell 1.

**- 4 -**

Kva meiner vi med blindsona? Teikn og forklar.

**- 5 -**

Diskuter korleis 2 sekund kan betre statistikken for sykkelulykker i vegkryss.

**- 6 -**

Sjå tabell 2. Diskuter kvifor dette er typiske situasjonar for sykkelulykker i vegkryss.

## VURDERINGSSKJEMA TIL TEMAET UNGDOM OG LIVSMEISTRING

FAG OG RELEVANS	LÆRINGSAKTIVITETAR	KOMPETANSEMÅL	KJENNETEIKN	HØG MÅLOPPNÅING
<b>VALFAGET TRAFIKK</b> Rusmiddel Gruppe-tilhøyrse Ansvar, plikt og etikk	<b>GRUPPEARBEID ER EIT FØRANDE PRINSIPP FOR TVERRFAGLEG ARBEID!</b> Døma nedanfor kan brukast som læringsaktivitetar. Les meir på nettsidene til Trygg Trafikk.  Kims leik Debattpanel Rollespel i samband med førstemann på skadestaden Aktivitetsløype med promillebriller Verdivalsøvingar	▶ <i>Diskutere korleis merksemd og rusmiddel kan påverke sansar og reaksjonsevne i trafikken</i>	▶ Kan rekne ut reaksjonslengd og reaksjonstid ▶ Kan forklare køyeprosessen som sans, oppfatte, avgjere og handle ▶ Kjenner til promillegrensa og kvifor ho eksisterer ▶ Kjenner til dei vanlegaste rusmidla ▶ Kan gjere greie for tre av dei vanlegaste årsakene til distraksjon i trafikken ▶ Kan samtale om ulike risikofaktorar	▶ Kan forklare og vise kva reaksjonsevne er ▶ Kan føre ein dialog om samanhengen mellom rus og reaksjon ▶ Kjenner til ulike rusmiddel og korleis dei påverkar kroppen ▶ Kjenner til kva som kan distrahere i trafikken ▶ Viser evne til å føresjå risiko
		▶ <i>Demonstrere kva plikter og ansvar dei har ved ei trafikkulykke, og utføre livreddande førstehjelp gjennom praktiske øvingar</i>	▶ Kan vise og forklare korleis vi sikrar frie luftveggar og legg i sideleie ▶ Kan gjere greie for og vise korleis ein sikrar seg sjølv med refleksvest, markerer skadestaden og får overblikk over skadestaden ved ei bilulykke	▶ Veit kva reglar og åtferd som gjeld for «førstemann på skadestaden» ▶ Kan gjere greie for og utføre livreddande førstehjelp



FAG OG RELEVANS	LÆRINGSAKTIVITETAR	KOMPETANSEMÅL	KJENNETEIKN	HØG MÅLOPPNÅING
<b>SAMFUNNS- FAG</b> (REGIFAG) Ungdoms- tid og seksualitet Rus	Døma nedanfor kan brukast som læringsaktivitetar. Les meir på nettsidene til Trygg Trafikk.  Rollespel Debatt Verdivaløvingar Case study	<ul style="list-style-type: none"> <li>▶ <i>Analysere kjønnsroller i skildringar av seksualitet og forklare forskjellen på ønskt seksuell kontakt og seksuelle overgrep</i></li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>▶ Veit kva omgrepet <i>kjønnsroller</i> betyr</li> <li>▶ Kan forklare kva seksuell kontakt er, og kva eit seksuelt overgrep er</li> <li>▶ Kan gjere greie for kva ei skildring av seksualitet er</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>▶ Kan forklare kva kjønnsroller betyr, og kan gjere greie for forskjellen mellom ønskt og uønskt seksualitet</li> <li>▶ Kan forklare forskjellen på samtykke, nølande og manglande samtykke</li> <li>▶ Kan gjere greie for kva som ligg i eit seksuelt overgrep, og kva som skil det frå ønskt seksuell kontakt</li> </ul>
		<ul style="list-style-type: none"> <li>▶ <i>Beskrive utviklinga og konsekvensane av tobakks- og rusmiddelbruk i Noreg og diskutere haldningar til rusmiddel</i></li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>▶ Veit kva strafferamma for å køyre i ruspåverka tilstand er</li> <li>▶ Kan gjere greie for årsakene til at nokon vel å køyre i rus</li> <li>▶ Kan gi døme på gruppepress</li> <li>▶ Kan gjere greie for konsekvensane ved å forårsake ei trafikkulykke i ruspåverka tilstand</li> <li>▶ Kan vise til gode tiltak som hindrar ruskøyning</li> <li>▶ Veit korleis ein ser om ein førar er rusa eller påverka av alkohol</li> <li>▶ Kan vise til statistikk om forskjellar på menn og kvinner i samband med køyring i ruspåverka tilstand</li> </ul>	
			<ul style="list-style-type: none"> <li>▶ Kan gjere greie for eigne haldningar til bruk av rusmiddel i trafikken</li> <li>▶ Kjenner til haldningskampanje mot nikotin</li> <li>▶ Kan berekne personlege økonomiske konsekvensar av tobakks- og rusmiddelbruk og diskutere samfunnsøkonomiske konsekvensar</li> <li>▶ Kan diskutere kva for helsemessige konsekvensar rusmiddelbruk kan ha</li> </ul>	

FAG OG RELEVANS	LÆRINGSAKTIVITETAR	KOMPETANSEMÅL	KJENNETEIKN	HØG MÅLOPPNÅING
<b>KRLE</b> Etikk Ansvar Kultur Menneskesyn	Døma nedanfor kan brukast som læringsaktivitetar. Les meir på nettsidene til Trygg Trafikk.  Verdivalsøvingar Etiske caseoppgåver Lage kampanjar	<ul style="list-style-type: none"> <li>▶ Gjere greie for omgrepa etikk og moral og bruke etisk analyse med utgangspunkt i grunnleggjande etiske tenkjemåtar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>▶ Kan forklare omgrepa etikk og moral</li> <li>▶ Kan diskutere etiske problemstillingar</li> <li>▶ Kan forklare kva etisk analyse er</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>▶ Skal kunne kjenne til, reflektere over og diskutere ulike etiske tankemåtar og vise døme på etisk analyse</li> </ul>
		<ul style="list-style-type: none"> <li>▶ Reflektere over etiske spørsmål knytte til mellommenneskelege relasjonar, familie og venner, samliv, heterofili og homofili, ungdomskultur og kroppskultur</li> </ul>		
<b>MATEMATIKK</b> Personleg økonomi  Økonomiske konsekvensar og ansvar	Prosjektarbeid «Setje bu»  Debatt om norsk økonomi kontra andre land  Lage ein kampanje for å få ungdom til å spare	<ul style="list-style-type: none"> <li>▶ Berekne forbruk, bruk av kredittkort, inntekt, lån og sparing, setje opp budsjett og rekneskap ved å bruke rekneark og gjere greie for utrekningar og presentere resultat</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>▶ Kan sjå fordelar og ulemper ved å bruke kredittkort</li> <li>▶ Kan forklare kvifor bileigarar må ha forsikring</li> <li>▶ Kan diskutere pengebruken blant ungdom</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>▶ Kan setje opp eit realistisk kvardagsbudsjett</li> <li>▶ Kan forklare bonussystemet rundt bilforsikring</li> <li>▶ Kan forklare utviklinga i norsk økonomi dei siste åra</li> <li>▶ Kan setje opp og bruke rekneark</li> </ul>
<b>MUSIKK</b> Identitet Kultur Fellesskap	Framsyning eller presentasjon Musikal Debattforum med koplinga til måla i andre lag	<ul style="list-style-type: none"> <li>▶ Gjere greie for korleis musikk speglar trekk ved samfunnsutviklinga og ungdomskulturen og korleis dette kan komme til uttrykk gjennom ulike former for rytmisk musikk, kunstmusikk og norsk, samisk og andre kulturar sin folkemusikk</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>▶ Kan gjere greie for korleis musikk er viktig i ulike typar ungdomskultur</li> <li>▶ Kan reflektere over positive og negative sider ved musikk som tilhørslse og identitets-skapar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>▶ Kan gjere greie for, diskutere og reflektere over musikk som ungdomskultur</li> <li>▶ Kan lage og presentere musikk åleine og saman med andre som speglar ulike musikkjangrar og identiteten til ungdommar</li> </ul>

## Oppgave 2: «DET RETTE VALET»

Eit tverrfagleg undervisningsopplegg



Elevane diskuterer og reflekterer over trafikk og bruken av alkohol og rusmiddel.

**Oppgave 1** er eit tekstarbeid. Her arbeider elevane med ein avisartikkel («Langt fra uødelig» – [sjå kopling](#)). Elevane analyserer artikkelen og set seg inn i problemstillinga.

**Oppgave 2** skal elevane diskutere og reflektere over problemstillinga trafikk og bruk av alkohol og rusmiddel.

**Oppgave 3** skal elevane skrive og framføre eller dramatisere eit lesarinnlegg.

### I FORARBEIDET MED ARTIKKELEN ER NORSK EIT REGIFAG

I forarbeidet med artikkelen bør elevane ha lært å analysere ein avisartikkel og elementa i artikkelen (til dømes overskrift, underposisjonar, faktaboks og teasers).

I det vidare arbeidet med teksten utviklar læraren spørsmål til elevane. Spørsmåla skal hjelpe læraren til å sjå teikn på læring om og utvikling innanfor temaet hos elevane. Vis til dømes e-klippet [«Bare en liten tur»](#), der Diana fortel om ulykka.

### KRLE OG ETIKK

Før elevane skriv eit lesarbrev, må dei vere kjende med sjangeren. Lesar brevet skal handtere forholdet mellom unge, alkohol og trafikk. Læraren kan inkludere døme på argument og haldningar frå debatten i oppgave 2. Her er det naturleg å inkludere relevante mål frå KRLE-faget som går på etisk tenking og analyse.

**Variert arbeid:** Det er veksling mellom individuell lesing, innsamling av informasjon, debatt, skrivning og refleksjon. Den delen der elevane skal debattere, kan reflektere ulike haldningar. Her er skjemaet «for eller imot / einig eller ueinig», der elevane må ta stilling til forskjellige påstandar. Dei må då argumentere og rettferdiggjere valet sitt, som igjen kan brukast til vidare debatt.

**Tilpass opplæringa:** Spørsmåla i analysearbeidet med avisartikkelen kan òg vere av ulik vanskegrad. Slik kan alle elevar, uavhengig av fagleg utgangspunkt, delta og bidra til felles gjennomgang. Haldningane og tankane til alle elevane passar inn i debatten i klassen, same kva for eit refleksjonsnivå dei er på.

**Oppgave 2 forts.:****«DET RETTE VALET»****OPPGÅVE A**

*(Oppgåva inkluderer GRF-lesing)*

Læraren introduserer temaet til elevane før dei les teksten «Du er langt fra u dødelig». Deretter diskuterer dei i gruppa og svarer på spørsmåla:

- ▶ Korleis er artikkelen bygd opp?
- ▶ Sjå faktaboks og tekst: Fortel om Diana sine erfaringar med ulykka.

*(Samfunnsfag, musikk, KRLE)*

Sjå videoen [«Bare en liten tur»](#), der Diana sjølv fortel om ulykka. Det er utgangspunkt for oppgave 2, der faga samfunnsfag, musikk og KRLE kan inngå.

**OPPGÅVE B**

Elevane samlar seg på golvet. Læraren har markert ei linje på golvet som indikerer eit skilje. På tavla skriv læraren «einig» for å passe til den eine sida av linja, og «ueinig» for å passe til den andre halvdel.

Læraren kjem no med nokre påstandar om ungdom, trafikk, alkohol og rus som elevane skal ta standpunkt til. Dei som er einige i ein påstand, plasserer seg på den delen som er merkt med «einig», og dei som er ueinige, plasserer seg på den andre delen. Her er nokre døme på påstandar:


- ▶ Det er greit å sitje to på ein sykkel eller moped når det berre er ein liten tur.
- ▶ Det er greit å sykle eller køyre sjølv om du har drukke litt alkohol.
- ▶ Det er greit å hindre at klassekameratane sykklar eller køyrer moped dersom du ser at dei er påverka.
- ▶ Det er ufarleg å sykle på fortauet sjølv om du har drukke litt alkohol.
- ▶ Det er farleg å sykle med nokon bakpå dersom du har drukke litt og du ikkje har hjelm.
- ▶ Det er greit å sykle med nokon bakpå sjølv om du har drukke litt, dersom du har hjelm.

Avhengig av graden av usemje om dei enkelte påstandane kan læraren la elevane diskutere vidare. Læraren si oppgave kan òg vere å provosere individuelle haldningar eller be elevane gjere greie for konsekvensane av haldningane. Det er viktig at læraren seier ifrå dersom haldningar på ein eller annan måte er i strid med lova. Det er samtidig viktig at læraren ikkje moraliserer over haldningar, for det kan hindre gode relasjonar mellom læraren og elevane og føre til at elevane ikkje tør å meine noko. Gode haldningar bør ein komme fram til gjennom diskusjon og erkjenning.

Ei samla oppsummering er viktig for å sjekke kva klassen sit igjen med av forståing og erfaringar. Kva reglar gjeld for dei ulike meiningane elevane uttrykkjer, og kvifor er det slik? Det kan òg vere lurt at klassen reflekterer omkring haldningar som har komme fram, men utan å knyte dei til enkelt-elevar.

Oppgave 2 forts.:

## «DET RETTE VALET»



### OPPGÅVE C

(Norsk)

Elevane skal skrive eit lesarbrev om kva forhold ungdom har til trafikk, alkohol og rus. Bruk døme på argument og haldningar frå førre oppgave.

Elevane kan skrive, visualisere eller dramatisere eit lesarbrev, anten individuelt, i grupper eller i par.

### «DET RETTE VALET» - VURDERING OG EVALUERING

Læraren vurderer lesarbrevet basert på måla for arbeidet og gir tilbakemelding undervegs – både individuelt og i grupper.

Under øvinga «for eller imot/einig eller ueinig» evaluerer læraren påstandane og argumenta til elevane. Korleis reflekterer eleven, kva er bra, og kva kan eleven tenkje meir over eller jobbe meir med?

Lesarbrevet stiller spørsmål om elevane er i stand til å uttrykkje medvit om trafikk og rus i denne sjangeren.



Kjelde:

<https://arkiv.emu.dk/modul/det-rette-valg>

## VURDERINGSSKJEMA TIL OPPGÅVE 2

FAG	KOMPETANSEMÅL	KJENNETEIKN	HØG MÅLOPPNÅING
<b>VALFAGET TRAFIKK</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>▶ Diskutere korleis merksemd og rusmiddel kan påverke sansar og reaksjonsevne i trafikken</li> <li>▶ Vise korleis trafikktryggleiksutstyr kan redusere skadar, og vite kvifor det er viktig å bruke utstyret rett</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>▶ Kan forklare korleis medisinar, alkohol eller narkotiske stoff kan påverke sansane våre</li> <li>▶ Kan gjere greie for korleis det mest brukte tryggleiksutstyret fungerer, og vite kva konsekvensar det kan få dersom ein bruker det feil eller lèt vere å bruke det</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>▶ Kan forklare korleis medisinar og rusmiddel påverkar eigenskapane våre i trafikken</li> <li>▶ Kan gjere greie for kor mange køyreturar som skjer i påverka tilstand i Noreg, og kva samfunnsøkonomiske konsekvensar det har</li> <li>▶ Kan gjere greie for konsekvensane av manglande bruk av hjelm, belte eller refleks</li> </ul>
<b>NORSK (GRUNN-LEGGJANDE FERDIGHEITER) LESING</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>▶ Samtale om form, innhald og formål i litteratur, teater og film og framføre tolkande opplesing og dramatisering</li> <li>▶ Delta i diskusjonar med grunngitte meiningar og sakleg argumentasjon</li> <li>▶ Lese og analysere eit breitt utval tekstar i ulike sjangrar og medium på bokmål og nynorsk og formidle moglege tolkingar</li> <li>▶ Referere innhaldet og finne tema i eit utval tekstar på svensk og dansk</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>▶ Kan snakke om trafikkfilmen, om korleis han er bygd opp, og kva som er formålet med han</li> <li>▶ Kan diskutere eigne meiningar om filmen</li> <li>▶ Kan lese teksten om trafikkulykka og seie noko om kva han vil uttrykkje</li> <li>▶ Kan lese den danske artikkelen</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>▶ Kan diskutere og reflektere over budskapet i, formålet med og oppbygginga av filmen og seie kva filmatiske verkemiddel som blir tekne i bruk for å påverke sjåaren</li> <li>▶ Kan diskutere, grunngi og argumentere for eigne meiningar i utveksling med andre</li> <li>▶ Kan lese og analysere teksten om trafikkulykka og gjere greie for sjangertrekk og eiga tolking av innhaldet i filmen og korleis budskapet er formidla</li> <li>▶ Kan lese og forstå den danske artikkelen og forstå den danske filmen. Kan uttrykkje forståing for budskapet</li> </ul>



<p><b>KRLE</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>▶ Reflektere over filosofiske tema knytte til identitet og livstolkning, natur og kultur, liv og død, rett og gale</li> <li>▶ Gjere greie for omgrepa etikk og moral og bruke etisk analyse med utgangspunkt i grunnleggjande etiske tenkjemåtar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>▶ Kan tenkje over budskapet i artikkelen og filmen om trafikkulykka, knyte det til ungdom, identitet og rus og seie noko om dette</li> <li>▶ Kan gjere greie for rett og gale knytt til innhaldet i teksten og filmen</li> <li>▶ Kan gjere greie for omgrepa <i>etikk</i> og <i>moral</i> og forskjellane mellom dei</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>▶ Kan reflektere over temaet og knyte det til rett og gale. Kan diskutere ulike årsaker til at ungdom kan komme i slike situasjonar</li> <li>▶ Kan reflektere over rus og ungdom knytt til identitet</li> <li>▶ Kan bruke etisk analyse på artikkelen og budskapet i filmen og gjere greie for kva for ein etisk modell vi kan lese ut frå handlinga</li> </ul>
<p><b>NATURFAG</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>▶ Gjere greie for korleis trafikktryggleiksutstyr hindrar og minskar skadar ved uhell og ulykker</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>▶ Kjenner til sentralt trafikktryggleiksutstyr og veit korleis det skal brukast</li> <li>▶ Kan demonstrere tryggleiksutstyr</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>▶ Kan gjere greie for kva slags trafikktryggleiksutstyr som er viktig for bil, sykkel, moped og andre trafikantar</li> <li>▶ Kan demonstrere bruken av utstyret og vise korleis rett bruk kan hindre skadar og uhell</li> </ul>
<p><b>MUSIKK</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>▶ Uttrykkje og formidle refleksjon om musikk som kunst- og kulturuttrykk og som underhaldnings- og forbruksvare</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>▶ Kan fortelje sine eigne meiningar om korleis musikken passar til videoen om trafikkulykka</li> <li>▶ Kan reflektere over og diskutere kva musikken i filmen uttrykkjer</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>▶ Kan reflektere over musikk brukt i film og peike på ulike stemningar som musikk kan uttrykkje</li> <li>▶ Kan forklare og konkretisere kva som skjer</li> </ul>

<p><b>LÆRINGS- STRATEGIAR</b></p>	<p>Bruke til dømes tankekart, tokolonnenotat og VØL-skjema</p>
<p><b>GRF-LESING, SKRIVING OG MUNNLEGE FERDIG- HEITER</b></p>	<p>Leggje vekt på GRF gjennomgåande for oppgåva gjennom å lese artikkelen, diskutere og skrive lesarinnlegg</p>



### Oppgåve 3: RISIKO OG TRYGGLEIK



Eit tverrfagleg undervisningsopplegg som dekker alle kompetansemåla frå valfaget trafikk i samanheng med naturfag.

Elevane får gjennom forsøk, diskusjonar, samarbeid og erfaringar auka kompetanse om emna risiko og tryggleik.

**Oppgåve 1** gir elevane auka forståing for kva omgrepa fart, reaksjonsevne, bremselengd og stopplengd inneber. Metodane er diskusjon, utrekningar, forsøk og øving.

**Oppgåve 2** inneheld element av utrekningar og auka medvit rundt lause gjenstandar i bil. Ved bruk av spørjeundersøkingar, videoar og gruppearbeid skal elevane forstå omfanget av omgrepet rørsleenergi.

**Oppgåve 3** er gruppearbeid som skal utførast utandørs. Elevane skal setje seg inn i forskjellige trafikantroller og finne ut korleis vêr og føre påverkar dei forskjellige gruppene.

**Oppgåve 4** er demonstrasjon i mørket.

I **oppgåve 5** driv valfagsgruppa sykkelopplæring på barnetrinnet.

**Oppgåve 6** er ein hjelmdemonstrasjon.

#### NATURFAG:

Oppgåvene er i tråd med kompetansemåla i naturfag etter 10. trinn.

#### VARIERT ARBEID:

Det er veksling mellom individuelt arbeid, lesing, innhenting av informasjon frå internett og filmar, gruppearbeid, praktisk arbeid og forsøk. Emnet eignar seg dessutan godt for verdivalsøvingar der elevane må ta bevisste val.

#### TILPASSA OPPLÆRING:

Elevane kan bli utfordra på høgare eller lågare nivå ut frå eigne føresetnader. Øvingane kan gjerast uavhengig av det kognitive eller faglege nivået, og alle kan bidra i felles diskusjonar og refleksjonar.


### Oppgave 3: RISIKO OG TRYGGLEIK

#### FART, REAKSJONSTID, BREMSELENGD OG STOPPLENGD

##### OPPGÅVE A

Omgrepa *fart*, *reaksjonstid* og *bremseleengd* heng saman. Elevane viser utrekningar og forståing for kva omgrepa inneber, og deretter samanliknar dei svara med sidemannen og i plenum.

- ▶ Elevane diskuterer kvifor fartsgrensene er sett slik dei er. Det kan bidra til kunnskapsdeling og diskusjon om fartsgrensar.
- ▶ La elevane finne si eiga reaksjonstid gjennom å eksperimentere med eit vanleg A4-ark. Vi tek utgangspunkt i at reaksjonstida varierer mellom 1 og 3 sekund. Læraren demonstrerer først ved å sleppe eit ark og be ein elev om å ta imot arket mellom tommelen og peikefingeren eller med to fingrar. Her er det viktig at læraren til å begynne med gir eleven 1 sekunds reaksjonstid ved å sleppe arket frå der det står nummer 1 (sjå biletet). Klarte eleven å ta imot arket på første forsøk? Dette kan samanliknast med kor mange forsøk dei får ute i trafikken. Hald fram eksperimentet ved å gi eleven 2 til 3 sekunds reaksjonstid. Her vil dei fleste elevane klare å ta imot arket. I forlenginga av dette bør ein ta opp kva som påverkar reaksjonsevna. Eksperimenter ved å la eleven kjenne korleis det vil vere å gjere to ting samtidig, til dømes å taste på telefonen og ta imot arket. Det kan modellere kor vanskeleg det er å kople ulike ting og samtidig behalde reaksjonsevna.



- ▶ Vidare kan elevane få i oppgave å finne ut korleis dei kan forbetre si eiga reaksjonstid. Målet er å vise kor viktig det er å øve på å vere merk-sam, tileigne seg kunnskap og avpasse farten i trafikale situasjonar. Det handlar om å øve inn gode vanar og rutinar. Med utgangspunkt i reaksjonstida kan vi rekne ut vår eiga reaksjonsleengd. Elevane kan få i lekse å skrive ein individuell rapport der dei eksperimenterer med dette.
- ▶ Ei oppgave er å samanlikne kva som er forskjellen mellom bremse-leengda på sommarføre, vinterføre og glatt føre, og vise utrekningar på dette. Vidare kan elevane finne ut kva stopplengda inneber, og korleis dei kom fram til denne leengda. Det er viktig at elevane forstår samanhengen mellom omgrepa, og at dei veit korleis forskjellige vegforhold påverkar stopplengda.

## Oppgave 3 forts.:

## RISIKO OG TRYGGLEIK

## RØRSLEENERGI

## OPPGÅVE B

Det er knytt stor risiko til lause gjenstandar i bil. I ein kollisjon i høg fart vil i utgangspunktet lette gjenstandar vege mange gonger si eiga vekt og kunne gjere stor skade. Med lause gjenstandar meiner vi til dømes brusflasker, iPad-ar, telefonar, PC-ar, nøklar og andre ting som ofte ligg slengt i bilen. Elevane bør bli bevisste på at alle slike gjenstandar i bil må sikrast.

- ▶ Elevane kan ved bruk av formlar vise utrekningar om rørsleenergi.
- ▶ Elevane kan finne informasjon eller videoar om lause gjenstandar i bil på internett.<sup>1</sup>
- ▶ Elevane kan i grupper lage kvar sin plakat med bilete/teikningar, tips om sikring av lasta og lause gjenstandar og informasjon om kvifor det er viktig. Elevane skal bruke god tid på utforminga og fargelegginga; det er òg ein viktig del av læringa. Plakatane kan dei til dømes hengje opp i korridorane eller andre stader der skulen tillèt det.



<sup>1</sup><https://www.vegvesen.no/trafikkinformasjon/trafiksikkerhet/sikring-av-last>

<https://www.tryggtrafikk.no/bilbelte-og-sikring/slik-sikrer-du-bagasje-bil/>

Video frå Norsk luftambulansse:  
<https://www.youtube.com/watch?v=HfKf34NDe0>

## VÊR- OG FØREFORHOLD

## OPPGÅVE C

Gruppearbeid:

- ▶ Elevane finn eit område i nærleiken av skulen som dei observerer for å vurdere risiko på området ved forskjellige vêr- og føreforhold. Målet er at elevane skal setje seg inn i ulike trafikanroller som syklist, fotgjengar, mopedist eller bilist og reflektere rundt kva som kan vere sannsynlege farar under ulike vêr- og føreforhold, til dømes sterk sol, regn, tåke, snø og sludd.
- ▶ Elevgruppene finn ut kva for tryggleikstiltak som kan setjast i verk på området for å redusere risikoen for framtidige trafikkulykker.
- ▶ Elevane presenterer resultatane.




## Oppgave 3 forts.:

## RISIKO OG TRYGGLEIK

## DEMONSTRASJON I MØRKET

## OPPGÅVE D

Inne på heimesidene til Trygg Trafikk, <https://www.tryggtrafikk.no/wp-content/uploads/2018/10/Refleksdemonstrasjon.pdf>, finn vi ei beskriving av korleis ein demonstrasjon i mørket kan gjennomførast. Dersom det ikkje er mogleg for skulen å gjennomføre dette utandørs, kan sjølve refleksdemonstrasjonen gjerast i ein mørk korridor, i gymsalen eller i eit klasserom. Dersom demonstrasjonen blir organisert ute, kan ein øve på situasjon med bil ved nødstop. Kva for eit lys vi skal bruke ved parkering i mørket når vi skal setje av passasjerar og ønskjer at andre trafikantar skal sjå oss?





## Oppgave 3 forts.:

## RISIKO OG TRYGGLEIK

## SYKKELOPPLÆRING FOR BARNETRINNET

## OPPGÅVE E

Sykelopplæring kan vere eit døme på trafikktryggleikstiltak lokalt. Elevane får i oppgave å lage eit undervisningsopplegg for fjerde trinn på ein barne-skule i nærleiken. Opplegget kan bestå av ein teoribolk, ein sykkelteknisk del og ei ferdigheitsløype på sykkel. Elevane blir delte i tre grupper med kvart sitt ansvarsområde. Det er elevane som må planleggje, førebu og gjennomføre opplegget, mens lærarane følgjer opp tett med rettleiing. Tydelege kriterium for korleis elevgruppa legg opp undervisninga, er viktig, men i dette prosjektet får ikkje elevane utdelt kriterium med ein gong. Dei skal sjølve vurdere kva som er det viktigaste i deira del av denne fagdagen for barnetrinnet. Kriterium kan deretter lagast ut frå kompetansemålet frå læreplanen i trafikk: demonstrere at eit køyretøy er i forsvarleg og forskriftsmessig stand, og utføre tryggleikskontroll og vedlikehald.



1 Teoribolken kan innebere at elevane lærer fjerdetrinnselevane om re-fleks og bruk av hjelm. Her kan elevane vise video om kor viktig dette er: <https://www.tryggtrafikk.no/skole/4-7-trinn/sykelopplaering/pa-budt-utstyr-og-sykelhjelml/>

I forlenginga av teoridelen kan dei lære om trafikkskilt og kva reglar som gjeld når ein sykklar. Eit døme er at ein ikkje skal sykle over gangfeltet, men gå av sykkelen og trille han over.

2 Ein sykkelteknisk del kan gjennomførast på ein eigna stad på skule-området. Her kan valfagseleven til dømes lære bort korleis vi strammar bremsevaierane, justerer giret, smør kjeda og set på plass kjeda dersom ho hoppar av.

3 Elevane lagar ei ferdigheitsløype på skuleplassen med forskjellige postar, til dømes ein vippeplanke, ein balansepost, stalåmkøyring og eit fotgjengar-felt som skal kryssast. Her bør minst to elevar frå valfagsgruppa stå ved kvar post for å hjelpe og rettleie elevane som skal gjennom sykkelløypa. To av elevane kan få i oppgave å sjekke kva fjerdeklassingane har lært i løpet av dagen. Opplegget kan avsluttast med at fjerdeklassingane får utdelt eit bevis på at dei har gjennomført sykkelopplæringa. På førehand bør læraren og elevane saman gå gjennom opplegget. Då kan elevane forklare og grunngi vala dei har gjort. Kva for teori har dei lagt opp til? Kvifor har dei gjort desse vala? Læraren observerer og kan på denne måten gi tilbake-melding undervegs til den enkelte eleven.



**OBS!**

Det er viktig at læraren ikkje «overtek» undervisninga.

La elevane ha styringa!

## Oppgave 3 forts.:

## RISIKO OG TRYGGLEIK

## TRYGGLEIK OG RISIKO – TRAFIKK OG NATURFAG

OPPGÅVE F  
VASSMELONTESTEN

Elevane arbeider med bruk av sykkelhjelm. Kva skjer om vi ikkje bruker hjelmen? Bruk to vassmelonar for å demonstrere. Stå eit par meter over bakken (eller i vindaugnet i andre etasje) og slepp ein vassmelon ned. La alle elevane få sjå nøye på den øydelagde melonen. La dei få god tid til å tenkje gjennom korleis eit slikt fall hadde påverka hovudet vårt. Vil ein hjelm gjere dette fallet annleis? Er det stor forskjell? Gjer forsøket igjen, men denne gangen festar de ein vanleg sykkelhjelm på melonen. Korleis blei resultatet? La elevane anten skrive ein individuell rapport frå dette forsøket, eller la dei forklare munnleg kvifor det er så viktig å bruke hjelm.




## BILBELTET

La elevane finne avisartiklar om bilulykker på nettet. Formålet er å finne ut om nokon av dødsfalla eller dei alvorlege personskadane kunne vore unngått om alle i bilen brukte bilbelte. Vidare kan dei bruke nettsidene til SSB til å finne ut kor mange som faktisk bruker beltet når dei køyrer eller er passasjer i bil. Deretter kan dei gjennomføre ei spørjeundersøking blant elevane og lærarane på skulen om bruk av belte. Resultatet skal presenterast i form av statistikk eller på ein annan måte som elevane synest er formålstenleg.

## REFLEKSKAMPANJE

La elevane lage ein reflekskampanje for barnetrinnet på ein skule i nærleiken. Dei kan gjerne arrangere ei reflesteljing før og etter kampanjen og føre statistikkar over desse. I etterkant skal dei presentere funna sine og eventuelt kunne lage ein plan for korleis dei kan bidra til å auke refleksbruken blant barn og unge i området. Dei skal òg setje seg inn i konsekvensane av å ikkje bruke refleks, både sett med auga til bilførarane og auga til fotgjengarane.

Alle desse tre opplegga gir godt grunnlag for vurdering i valfaget trafikk – både ved å observere eleven i praktisk arbeid, i samtale undervegs og ved framføringar.



## PRAKTISK VURDERING AV OPPGÅVE 3

Eleven treng gode arbeidsforhold og tilrettelegging for å vise kompetansen sin både undervegs og ved slutten av opplæringa. Kompetansemåla eleven skal vurderast ut frå i valfaget trafikk og naturfag, er praktisk orienterte, og det er viktig å leggje opp til at eleven får vist både dei praktiske og dei teoretiske ferdigheitene sine.

Her er eit døme på ei vurderingsform der naturfag og trafikk blir vurdert samla.



### VURDERINGSSKJEMA TIL OPPGÅVE 3

FAG	RELEVANS FOR TEMAET	KOMPETANSEMÅL	KJENNETEIKN	HØG MÅLOPPNÅING
<b>TRAFIKK</b>	<b>INNHALDET I HOVUDOMRÅDET</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>▶ <i>Vurdere fart, krefter og risiko i forskjellige trafikksituasjonar og drøfte resultatata</i></li> <li>▶ <i>Vise korleis trafikktryggleiksutstyr kan redusere skadar, og vite kvifor det er viktig å bruke utstyret rett</i></li> <li>▶ <i>Presentere døme på trafikktryggleikstiltak som reduserer faren for ulykker ved trafikk i mørke og under forskjellige vêr- og føreforhold</i></li> <li>▶ <i>Demonstrere at eit køyretøy er i forsvarleg og forskriftsmessig stand, og utføre tryggleikskontroll og vedlikehald</i></li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>▶ Kan gjere forsøk som viser fart og krefter i praksis</li> <li>▶ Kan rekne ut fart og krefter for lause gjenstandar i bil</li> <li>▶ Kan analysere ein case om ulykkesforløp med ungdommar</li> <li>▶ Kan gjere greie for moglege konsekvensar av ei ulykke</li> <li>▶ Kan vise døme på farlege trafikk-situasjonar</li> <li>▶ Kan diskutere resultatata av forsøka</li> <li>▶ Kan forklare korleis ulikt trafikktryggleiksutstyr fungerer, og korleis bruken av det kan minske risiko</li> <li>▶ Er gjennom demonstrasjon ute blitt bevisst på korleis ein kan unngå typiske ulykker som skjer i mørket</li> <li>▶ Kjenner til årsaker og tiltak ved redusert sikt i mørket og under vanskelege vêr- og føreforhold</li> <li>▶ Kan vise og forklare alle dekk, lys og bremsar på eit køyretøy</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>▶ Kan forklare og vise kva rørsleenergi er</li> <li>▶ Kan grunngi risikofaktorar i casen om ungdomsulykka</li> <li>▶ Kan gjere greie for korleis ei ulykke påverkar dei nærmaste, samfunnet og ideologien/livssynet til dei som er ramma</li> <li>▶ Kan forklare forsøk som er gjorde, på ein slik måte at ein utanforståande raskt kan setje seg inn i dei</li> <li>▶ Kjenner til typiske feil ved bruk av trafikktryggleiksutstyr som tryggleiksbelte, hovudstøtte og sykkelhjelm</li> <li>▶ Kan drøfte korleis vi som trafikantar kan opptre for å redusere risikoen ved ferdsel i mørket og under forskjellige vêr- og føreforhold</li> <li>▶ Kan forklare forskjellane på køyretøyet med tanke på forsvarleg og forskriftsmessig stand</li> <li>▶ Kan kontrollere om eit køyretøy (bil/sykkel) er i orden eller ikkje, og seie noko om årsaka til eller konsekvensen av ein feil</li> <li>▶ Kan forklare kva slags tryggleiksutstyr som finst på ein moderne bil, og forklare korleis det verkar</li> </ul>

FAG	RELEVANS FOR TEMAET	KOMPETANSEMÅL	KJENNETEIKN	HØG MÅLOPPNÅING
<b>NATUR- FAG</b>	<b>TESTE HYPOTESAR OG PLANLEGGJE OG GJENNOMFØRE UNDERSØKINGAR</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>▶ Formulere testbare hypotesar, planleggje og gjennomføre undersøkingar av dei og diskutere observasjonar og resultat i ein rapport</li> <li>▶ Følgje tryggleikstiltak som er beskrivne i HMS-rutinar og risikovurderingar</li> <li>▶ Gjere greie for korleis trafikktryggleiksutstyr hindrar og minskar skadar ved uhell og ulykker</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>▶ Kan formulere og forklare kva ein hypotese er</li> <li>▶ Kan vise døme på korleis ein undersøker ein hypotese</li> <li>▶ Kan lage ein rapport om resultat</li> <li>▶ Kjenner til tryggleikstiltak</li> <li>▶ Veit kva HMS og risikovurderingar er</li> <li>▶ Kan vise korleis tryggleiksutstyr fungerer</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>▶ Kan gjere greie for korleis ein jobbar med hypotesar frå planlegging til resultat</li> <li>▶ Kan diskutere ulike sider ved resultat og vise korleis ein set dei opp i ein rapport</li> <li>▶ Kjenner til tryggleikstiltaka og HMS-rutinane som gjeld</li> <li>▶ Kan forklare, gjennomføre og reflektere over risikovurderingar</li> <li>▶ Kan gjere greie for, forklare og vise i praksis korleis tryggleiksutstyr fungerer</li> </ul>



## Oppgåve 4: ETISKE DILEMMA OG VAL

### Trafikk og KRLE



Haldningar blir danna tidleg, og grunnlaget for gode haldningar og vanar er det dei vaksne som legg. Barn imiterer og observerer dei vaksne. I dette arbeidet er barnehagen og skulen viktige premissleverandørar i tillegg til heimen.

Normer og verdiar kan uttrykjkjast i haldningar. Når vi ønskjer å påverke haldningar i skulen, ønskjer vi å påverke med normer og verdiar som kan regulere åtferd. Haldningsarbeid er ein lang prosess og er avhengig av mellom anna oppvekst, kultur og miljø og sosial kontekst.

Vi utviklar haldningar heile livet, og haldningane våre blir ofte endra eller «justerte» etter kvart som vi blir eldre. Sidan haldningar er så tett knytte til kultur og sosial kontekst, kan det vere inngripande og vanskeleg å endre eller bryte med negative haldningar eller vanar. Dersom det til dømes lenge har vore akseptert i ein vennegjeng å køyre etter å ha drukke alkohol, kan det vere vanskeleg å vere den som plutselig meiner at dette er uakseptabelt. Særleg gjeld det dersom det er enkeltpersonar som ønskjer å bryte med eit negativt mønster.

I fleire rettleiingsdøme viser vi til etisk analyse i samband med trafikkopplæringa. Det er viktig fordi opplæring i trafikk i stor grad er haldnings- skapande arbeid. Etisk analyse er derfor svært aktuelt i eksemplifiserte trafikksituasjonar, gjerne i konkrete situasjonar som krev etiske avvegingar. Då er det vanleg å ta utgangspunkt i ulike etiske modellar:

- ▶ **Pliktetikk** – å vurdere ei handling ut frå fastsette normer og reglar. Vurderinga baserer seg ikkje på enkelthandlingar, men er prinsippfast. For å vurdere om ei handling er god eller ikkje, tek ein gjerne utgangspunkt i grunnleggjaren bak pliktetikkteorien, Immanuel Kant. Han seier at vi kan vurdere om ei handling er god eller dårleg, ut frå tanken om at «alle handlingar skal kunne gjerast til ei allmenn lov».
- ▶ **Konsekvensetikk** – å vurdere ei handling ut frå kva som er konsekvensane av handlinga. Det kan innebere at det er rett å lyge dersom det gir best konsekvensar.
- ▶ **Sinnelagsetikk** – å vurdere ei handling ut frå kva slags motiv som ligg bak handlinga. Dersom formålet er godt, er handlinga god – og omvendt. Den etiske vurderinga blir bestemt av sinnelaget eller motivet bak handlinga.

Dette jobbar elevane vanlegvis med i KRLE-faget, men det er like relevant å drive god opplæring i kompetansemål som handlar om etikk i valfaget trafikk. Kva slags etiske avvegingar og refleksjonar gjer elevane i ulike risikosituasjonar eller val i trafikken?



## Oppgave #4 forts.:

## ETISKE DILEMMA OG VAL

## «FESTEN» – HANDLINGAR OG ANSVAR

På ein fest finn Trine ut at Kristian har gått ut for å leite etter kompisen Tobias. Kristian har teke mopeden til Hanna. Trine spør Hanna om ho har lånt bort mopeden sin til Kristian. Hanna svarer: «Nei, er ikkje han stupfull?»

I trafikken er vi ikkje berre ansvarlege for oss sjølve, men òg for kvarandre. I ungdomstida kan det vere vanskeleg å seie frå til jamaldringar og klassekameratar. Kvifor er det så vanskeleg å seie frå når andre gjer noko gale? Og kvifor er noko meir uakseptabelt enn noko anna?

- ▶ Kvifor er det vanskeleg å seie frå til andre i trafikken?
- ▶ Når sa du frå sist? Korleis gjorde du det?
- ▶ Korleis reagerte dei andre då du sa frå? Ville du gjort det igjen?
- ▶ Ville du sagt frå dersom du sat på med nokon som køyrde for fort? Kvifor, eller kvifor ikkje?
- ▶ Korleis kan du seie frå til vennene dine dersom dei til dømes gjer noko farleg i trafikken?
- ▶ Ville du sagt frå dersom du sat på i ein bil og føraren var uoppmerksom? Korleis ville du i så fall sagt frå?

## 4-HJØRNETRENING OM PERSONLEGDOMSTYPE

Lag ei 4-hjørnetrening der du set elevane dine i eit dilemma om fire ulike personlegdomstypar: spenningssøkjaren, risikotakaren, ansvarstakaren og tryggleikssøkjaren. La dei velje mellom desse fire personlegdommane, avhengig av kven dei sjølve føler at dei høyrer til.

- 1 Spenningssøkjaren
- 2 Risikotakaren
- 3 Ansvarstakaren
- 4 Tryggleikssøkjaren

## Oppgave a)

Plasser dei fire personlegdomstypane i kvart sitt hjørne av rommet. Elevane går til det hjørnet der det er ein personlegdom som dei meiner passar deira eigen personlegdom.

## Oppgave b)

Spør elevane kvifor dei har valt som dei har gjort. La elevane snakke saman om valet. Etterpå skal dei skrive og diskutere kva som kjenneteiknar dei ulike personlegdommane.

Oppgåva skal bidra til at elevane reflekterer over ulike personlegdomstypar dei kan møte i trafikken.

SPENNINGSSØKJAREN  
DELTAKAREN

«Ragge» rundt  
Køyrer ofte fort  
Høg sjølvtillit

ANSVARSTAKAREN  
TEORETIKAREN

Tek omsyn  
Usikre trafikantar  
Innsjer risikoen ved  
bilkøyring

RISIKOTAKAREN  
FESTAREN

Bryt ofte reglane  
Køyrer ofte fort  
Lite interessert i  
teori

TRYGGLEIKSSØKJAREN  
OBSERVATØREN

Gjer ofte små feil  
Er tilbakehelden  
Er forsiktig av natur



### Oppgave 4 forts.:

## ETISKE DILEMMA OG VAL

### VAL FÅR KONSEKVENSA

Når vi er unge, står vi overfor mange viktige val. Kva for ei utdanning skal vi velje? Kvar skal vi bu? Når er det på tide å stifte familie? Vi prøver å få med oss så mykje som mogleg – gjerne samtidig. Vi prøver å multitask så mykje som vi kan.

### Refleksjonsspørsmål

- ▶ Ole er uoppmerksom. Han ser på telefonen samtidig som han køyrer bil. Han køyrer på ein moped, og sjåføren blir hardt skadd. Dersom Ole ikkje hadde sett på telefonen, hadde han unngått å køyre på mopeden då?
- ▶ Kristian vel å køyre moped sjølv om han har drukke. Dersom Kristian ikkje hadde drukke, ville han då ha køyrt meir forsiktig?
- ▶ Hanna lét mopedden sin stå ulåst, og Kristian tek han utan å spørje. Dersom Hanna hadde låst mopedden sin, ville Kristian ha late vere å køyre av garde i påverka tilstand?

Små val kan få store konsekvensar!

## Oppgave 5: LÆRINGSSTRATEGIAR



### KREATIVT TANKEKART


**Kva:** Kreativt tankekart er ein måte å kople ulike idear og tankar saman på og framstille dei visuelt med til dømes symbol, bilete eller teikningar.

**Kvifor:** Elevane blir stimulerte til å skape betre oversikt over, få større forståing for og sjå samanhengar i det dei skal lære. Mange elevar knyter ting betre saman når dei bruker bilete, symbol og modellar for å sjå og forstå ting i samanheng.

**Korleis:** Elevane skriv ned temaet eller utgangspunktet for det dei skal lære, midt på eit ark eller digitalt, til dømes ved å bruke RISIKO. Så lagar dei koplingar ut frå dette. Under koplingane kan dei igjen lage underkoplingar. Kartet er ofte både skriftleg og visuelt. Dersom dei lagar det kreative tankekartet digitalt, kan dei òg setje inn nettbaserte koplingar og døme. God tid til utforming og fargelegging er ein del av den kreative prosessen, som òg er ein viktig del av læringa.

### Døme på oppgåve:


**1.** «Trafikken som system»: Elevane har eit A3-ark. Dei skriv «trafikken som system» midt på arket. Så teiknar dei åtte «armar» ut frå sentrum av arket og skriv inn dei åtte undertemaa trafikk, vikeplikt, trafikkskilt, trafikreglar, kommunikasjon, myndigheitspyramiden, samhandling og reaksjonstid. Elevane skal skrive så mykje som mogleg under kvart punkt og illustrere undervegs. Målet er å komme på så mykje som mogleg innanfor dei åtte undertemaa.



**2.** «Fart, krefter og risiko» er eit anna emne/kapittel som eignar seg godt til denne oppgåva.

## Oppgave 5 forts.:

## LÆRINGSSTRATEGIAR

**KONSEPTKART**

**Kva:** Konseptkart er ein metode som elevane kan bruke til å få oversikt over ein hovudidé eller eit konsept. Det kan vere fleire undergrupper av til dømes viktige omgrep eller nøkkelord knytte til dette konseptet eller denne ideen. Konseptkart liknar på kreativt tankekart, men er enklare og meir systematisk når det gjeld å få oversikt over omgrepsinnhald.

**Kvifor:** Eit konseptkart kan til dømes brukast når elevane skal gjere greie for årsaker til ulykker ved ferdsel i mørket, og så kan dei arbeide vidare med eit konseptkart som handlar om tryggleikstiltak som må til for å unngå ulykker i framtida. Konseptkartet gir systematikk og oversikt over omgrepsinnhald.

**Korleis:** Elevane skriv inn konseptet eller ideen midt på arket. Omgrep og underomgrep går ut frå dette. Elevane kan arbeide med å ta utgangspunkt i temaet «trafikannt i mørket». Læraren kan leggje til rette for læring, og eit konseptkart kan brukast på forskjellige tema. Av og til krevst det ein ekstra innsats frå læraren for å nå ut til alle elevane dersom intensjonen er å påverke haldningar.

**Døme på oppgåve:**

**1.** Skriv «førstemann på skadestaden» i midten. Elevane skal foreslå element dei bør kunne, rundt dette emnet. Når straumen av forslag minkar, kan læraren supplere med enkelte ord eller omgrep eller la elevane bruke bøker og internett for å få påfyll.

**Oppgåve 5 forts.:****LÆRINGSSTRATEGIAR****4 CORNER – HALDINGSØVING**

**Kva:** Ta utgangspunkt i éi problemstilling. Problemstillinga kan vere aktuell eller fiktiv, men det bør vere noko elevane kan kjenne seg igjen i. Det kan gjerne vere ei etisk problemstilling. Læraren formar fire moglege løysingar som kvar har ulike fordelar og ulemper. Kvar løysing høyrer heime i eitt av hjørna av klasserommet.

**Kvifor:** Ei verdivalsøving som bidreg til å gjere elevane bevisste på kva haldningar dei har til ulike problemstillingar og løysingar i trafikken. Dette er ei øving der elevane kan ha utbyte av å sjå kva klassekameratane vel, og emna har i stor grad med haldningar til trafikktryggleik å gjere.

**Korleis:** Læraren les opp løysingsforslaga, og elevane går til det hjørnet dei meiner passar best med kva dei sjølve tenkjer er det beste løysingsforslaget. Etter at elevane har valt løysing, diskuterer dei på kvart hjørne kvifor dei valde denne løysinga framfor dei andre alternativa.

Til slutt diskuterer klassen samla fordelar og ulemper ved dei ulike løysingane.

Etter diskusjonen: Har nokon av elevane endra meining?

**Døme på oppgåver:****1 Transportmiddel**

Kva slags transportmiddel bruker elevane oftast til skulen? Reiser dei kollektivt, bruker dei føtene, sykklar dei, eller bruker dei bil?

Når alle har stilt seg i hjørnet sitt, skal gruppene diskutere kva for ei trafikantgruppe som er den mest omsynslause i trafikken. Har dei opplevd farlege situasjonar? Etter eit par minutt skal gruppene konfrontere ei av dei andre gruppene med utfordringar dei meiner den andre gruppa har. Til dømes kan fotgjenarane meine at syklistane tek lite omsyn. Syklistane skal då svare på desse påstandane. Alle gruppene får kvar sin tur

**2 Fartsgrenser**

Elevane skal gå til det hjørnet som dei meiner passar best for dei:

- «Eg synest ein alltid skal halde fartsgrensa. Alltid!»
- «Eg synest det er greitt å køyre litt for fort, i alle fall på motorvegen.»
- «Eg synest det er greitt å køyre for fort dersom det er oversiktlege strekningar og lite folk.»
- «Fartsgrenser er berre tull. Eg køyrer som det passar meg.»

Same prinsipp som i oppgåva ovanfor. Gruppene diskuterer seg imellom og skal deretter utfordre ei anna gruppe.

**3 Førarkort**

Kva påverkar oss til å gjere val, til dømes med omsyn til førarkort? Her er dei fire hjørna:


- «Mamma og/eller pappa påverkar valet mitt mest.»
- «Vennene mine påverkar valet mitt mest»
- «Fritidsinteressene mine påverkar valet mitt mest»
- «Praktiske omsyn kjem til å avgjere det.»

## Oppgave 5 forts.:

## LÆRINGSSTRATEGIAR

**TANKEKART OM TRAFIKAL KOMPETANSE**

For å tydeleggjere samanhengen mellom kompetansemåla i valfaget trafikk og den trafikale kompetansen til elevane kan elevane få i oppgåve å lage eit kreativt tankekart. Her er tanken at elevane skal bruke tidlegare erfaringar og opplevingar frå trafikken. Elevane får i oppgåve å lage eit kreativt tankekart om ordet trafikk for å knyte saman alt dei tenkjer på når dei høyrer dette ordet. Kreativt tankekart er ein metode for å stimulere elevane til å skape betre oversikt, forståing og samanhengar for det dei skal lære.







## VURDERINGSKRYSSSET

Vurderingskrysset er eit enkelt vurderingsverktøy som blir brukt både individuelt, i grupper og i plenum.



TRYGG TRAFIKK

Rettleiing til  
Valfaget trafikk 2019